

Knut Hellevik
Slettevegen 821
5939 Sletta

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3399 - 22/67430

Saksbehandlar:
Roger Fanavoll Fjellsbø
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.no

Dato:
27.09.2022


Registrert avvik i slamavskiljar samt førehandsvarsel om tilknytning til kommunalt avløp - gbnr. 499/1

Tiltak: Avvik i septiktank
Byggjestad: Gbnr: 499/1
Grunneigar:

Alver kommune har 21.04.22 motteke melding fra NORVA 24 om manglende dykk og lekkasje fra avløpsanlegget på eigedomen din med gbnr. 499/1 og adresse Slettevegen 821.

I følgje kommunen sine opplysningar har eigedommen avlaupsløysing med septiktank og spreiling til terrenget via sandfiltergrøft. Denne avlaupsløysinga er ikkje tilfredsstillande ut frå dagens standard.

Det ligg kommunale hovudleidningar for vatn og avløp på din tomt. Det er tilrettelagt for at eigedomen din kan knytast til anlegget i kum like nedanfor huset ditt. Kartet nedanfor viser leidningsnettet i området som grøne strekar i kartet.



Plikt til tilknyting til kommunal VA-anlegg

I følgje plan- og bygningslova §§ 27-1 andre ledd og 27-2 andre ledd skal bygningar som ligg på ein eigedom der offentleg vass- og avløpsleidning går

- over eigedomen,
- i veg som grensar til eigedomen, eller
- over nærliggjande areal

knytast til dei offentlege leidningane.

Som grunneigar må du sjølv kosta private stikkleidningar og betale gebyr for tilkopling til kommunen jf. Alver kommune sitt gebyrregulativ, som ligg vedlagt.

Alver kommune vurderer at eigedomen din fell inn under føresegna om tilknytingsplikt til det kommunale avløpsanlegget, jf. plan- og bygningslova (tbl) § 27-2.

Frist for å kopla seg til det kommunale avløpsanlegget er **15.01.2023**.

Hindre forureining

Du må hindra vidare forureining på eigedommen din, enten ved at eigedommen vert kopla til kommunalt avløpsanlegg omgående eller at manglande dykk og lekkasje i tanken vert utbeta **medan arbeidet med tilkopling til kommunalt nett skjer**.

Når det er fare for forureining i strid med lova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Førehandsvarsle

Dette er eit førehandsvarsle, jf. forvaltningslova § 16. Viss vi ikkje høyrer frå deg innan **21.10.22**, vil vi vurdere å fatte vedtak om krav til tilknyting til det kommunale VA-anlegget og fastsette tvangsmulkt, jf. plan- og bygningslova § 32-5.

Kva må du gjere vidare

Du må ta kontakt med godkjend rørleggarføretak som kan søkja om tilknyting til kommunalt avløupsanlegg og eventuelt installering av dykk på utløpet før eigedommen vert kopla til kommunalt anlegg.

Dine rettar:

Du har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om ileyding av tvangsmulkt. Frist for å svare på førehandsvarselet vert sett til **21.10.22**. Alver kommune oppmodar deg om å nytte uttaleretten.

Dersom vi ikkje får inn melding om at eigedommen din er kopla til kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg innan fristen over, kan vi gje pålegg om tilkopling og fastsetje tvangsmulkt med heimel i plan- og bygningslova kapittel 32.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å tilknytte avløpet frå eigedomen til det kommunale avløpsnettet, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen for svar på førehandsvarselet.

Avviksmelding frå Norva 24 er vedlagt dette brevet.

- post@alver.kommune.no
 - Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Tilknytingsplikta følgjer av forureiningslova §§ 27-1 og 27-2
 - Plikt til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7.
 - Kommunen kan gje pålegg om tilkopling og fastsetje tvangsmulkt med heimel i plan- og bygningslova § 32.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Melding om avvik i tank - gbnr 499/1 Ystebø

bilde

bilde 1

bilde2

Gebyrforskrift Arealforvaltning 2022

Mottakarar:

Knut Hellevik

Slettevegen 821

5939 Sletta